



VENSTRE



Venstre tar Askvoll framover!

Ordførarkandidat **Julie Ovedie Gabrielsen**
Program Askvoll Venstre 2023 - 2027





VENSTRE



FOTO: ANNIKEN GJØRØY

ASKVOLL VENSTRE SER FRAMOVER

Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

EIN GOD Plass Å VEKSE OPP

Born og unge er viktige når det gjeld framtida og busetnad. Som kommune må vi bidra til at desse får tilført verdiar og haldningar som dei vil dra nytte av framover. Dette gjer vi best ved å sjå born og unge som enkeltindivid, syte for individuell tilpassa opplæring og at tilsette i skule og barnehage får naudsynt fagleg utvikling. Skulane må ha oppdatert og nok skulemateriell. Barnehagane må ha ei tilpassa bemanning i heile opningstida, og ved behov for vikar skal dette følgjast. Vi vil arbeide for at å få ny sentrumsbarnehage då dagens barnehage ikkje har gode nok forhold for verken barn eller tilsette.

Vi vil ha:

- > Full barnehagedekning
- > Tilpassa opningstider i barnehagane
- > Høgt fokus på ny sentrumsbarnehage
- > Desentralisert skulestruktur
- > Individuell tilpassa opplæring
- > Vedlikehald av skular/barnehagar

PSYKISK HELSE

Samfunnet utviklar seg til å bli meir krevjande. Venstre vil styrke den psykiske helsa gjennom ei heilskapleg satsing på eit kunnskapsløft som startar i barnehagen, og vidare følgjer alle ledd gjennom oppvekst og inn i vaksenlivet. Vi vil òg gjere det lettare å vere open om det å vere ulike, og å styrke innsatsen av barnefattigdom.

Vi vil:

- > Jobbe for at skulane har ressursar og kompetanse til å gje elevane kunnskap om dei store samfunnsutfordringane, som klimakrisa, miljøødeleggingar, mobbing, psykisk og fysisk helse, rasisme og utanforskap.
- > Satse på tidleg innsats og sikring av nok spesialpedagogiske ressursar, både i barnehage og skule, for born som treng det.

SAMFERDSLE OG MILJØ

Venstre veit at gode kommunikasjonar og trygge vegar er viktig for innbyggjarane. Då er det naturleg at vi fokuserer på å betre tilbodet til Værlandet og Bulandet med fleire ferjeavgangar og kortare reisetid, noko som Atløysambandet legg til grunn for. Vi skal halde fram arbeidet med realisering av Atløysambandet, og når sambandet er ferdigstilt må ny ferjeleie ved Nervika/Vilnes på plass. Vi vil jobbe for båtrote over Førdefjorden slik at arbeidarar kan pendle og bu i kommunen vår.

- > Atløysambandet skal realiserast no
- > Betre kommunal vegstandard
- > Alle skal ha tilgang til velfungerande breidbånd
- > Jobbe for meir og betre tilpassa kollektivtransport
- > Gradvis opprusting av FV 609 Ringstad - Hestvik

- > Ein el-bil ladestasjon sentralt i bygdesentra og elbåt lader i sentrumshamna
- > Bilar nytta til kommunal drift skal i hovudsak vere el-bilar
- > Ha fokus på miljø i alle nye byggeprosjekt
- > Fleire gang- og sykkelveggar

NÆRING OG UTVIKLING

Askvoll skal vere ein JA-kommune. Vi vil legge til rette for at både nye og eksisterande bedrifter får moglegheiter til etablering og utvikling.

- > Vi vil satse på og legge til rette for gründeren
- > Vidareføre ordninga med at deler av eigedomsskatten går til næring og utvikling
- > Rask saksgang frå kommunen
- > Ha tett og god dialog med Askvoll næringsutvikling (ANU)
- > Tilgjengeleg areal for næringsdrivande
- > Fiskeri, havbruk og landbruk i Askvoll er viktige for Venstre
- > Attraktive bustadtomter der folk vil busette seg

OMSORG NÅR DU TRENG DET

Vi skal gje god omsorg til dei som treng det - når dei treng det. Vi skal gje rett hjelp til rett tid, og styrke folkehelse og meistring. Tryggheita til innbyggjarane våre må vi ta på alvor. Vi skal ha ei tilpassa og optimal løysing når det gjeld ambulansetransport. Eldre skal ha innverknad på eigen kvardag og på innhaldet i tenestene dei får frå kommunen. Det skal vere nok sjukeheimsplassar av høg kvalitet, slik at ingen må vente på plass eller ende opp med eit uverdig tilbod. For Venstre er det viktig at bebuarar får nylaga varm mat kvar dag.

Venstre vil prioritere førebyggjande tiltak slik at eldre skal få behalde ei god helse og få moglegheit til å bu heime lenger. Eldre på øyane må få tilbod om heimesjukepleie også på kveld og helg. Venstre ser det som viktig å styrke kompetanse og fagleg utvikling av helsefagarbeidarar slik at arbeidsoppgåver i omsorgssektoren kan bli fordelt betre blant tilsette.

Vi vil:

- > Styrke folkehelsearbeidet
- > Satse på lågterskeltilbod for god folkehelse gjennom heile livet
- > Styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustader
- > Ha helse- og omsorgstenester med høg kvalitet
- > Sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike helsetilboda i stat og kommune
- > Satse på velferdsteknologi for eit godt og trygt omsorgstilbod
- > Sikre at brukarar og pårørande får medverknad og individuell tilpassing
- > Vere positive til alternative turnusar der det er mogleg
- > Betre rekrutteringa til helse- og omsorgsyirket
- > Styrke kompetanse og fagleg utvikling av helsefagarbeidarar



2. Arnt Henning Blom
f. 1972, Værlandet

«**Betre tilbud** til dei delane av kommunen som berre har heimesjukepleie på dagtid i dag.»

«Vi vil styrke og framsnakke **det viktige frivillige arbeidet** mange utfører i kommunen vår som i sum gjer bygdene våre attraktive og betre stader å bu.»



3. Jostein Grane
f. 1966, Atløy



4. Silje Bjørge Rysjedal
f. 1995, Kvammen

«Det må vere **attraktivt** for familiar å flytte til kommunen, vi må ha tilgjengelege barnehageplassar og tomtar der dei vil bu.»

«Vi skal ha **høgt fokus** på å få ny sentrumsbarnehage på plass.»



5. Raymond Rørvik
f. 1981, Askvoll



7. Renate Berg
f. 1980, Kvammen

«Det skal vere **trygt og godt** å vekse opp i Askvoll. Vi må difor jobbe for å behalde dei gode skulane og barnehagane vi har i kommunen i dag.»



Julie Ovedie Gabrielsen

Ordførarkandidat Askvoll Venstre

Eg ynskjer å gjere ein forskjell, og ved å stille som ordførarkandidat er det eit steg på veg.

Skal Askvoll utvikle seg framover å vere rusta for å ta imot nye tilflyttarar og fleire flyktningar med barn, då må sentrumsbarnehagen på plass i Askvoll. Vi må og bruke heile kommunen ved tilvekst av innbyggjarar, og då må barn, unge og eldre ha gode tilbod slik som i sentrum.

Vi må ha auka fokus på rekruttering av personell i barnehagar og helsesektoren. Vi må utvikle fagarbeidarar innan helse slik at dei kan utføre fleire oppgåver og prosedyrar slik at oppgåvene vert fordelt betre blant tilsette.

Askvoll skal ta i mot sitt rettmessige tal flyktningar. Alle, enten det er barn eller vaksne skal bli godt tatt imot, bli inkludert og få naudsynt opplæring.

Vi i Askvoll Venstre brenn for å ta kommunen vidare, slik at kommunen blir rusta for framtida til å ta vare på barn, unge og eldre.

Vi er ein flott og dyktig gjeng på lista vår som er motiverte til å få Askvoll i positiv retning og jobbe målretta og FRAMOVER.

Saman skal VI ta Askvoll kommune vidare inn i framtida.

Røyst Askvoll Venstre ved lokalvalet 2023!



8. Thomas Lervåg
f. 1980, Atløy

«Vi må ha ei **aktiv næringsutvikling** i Askvoll.»

«Ein **oppdatert og framtidsretta** kommune med gode tilbud for alle gjer Askvoll til ein attraktiv kommune.»



11. Ida-Oline Berg Rørvik
f. 2000, Kvammen



20. Line Rotihaug
f. 1991, Askvoll

«Vi skal **ta godt vare** på flyktingar som vi tek i mot, både born og vaksne må bli inkludert og få naudsynt opplæring.»

Kommunevallista Askvoll

1.	Julie Ovedie Gabrielsen	f. 1991	Askvoll
2.	Arnt Henning Blom	f. 1972	Værlandet
3.	Jostein Kåre Grane	f. 1966	Atløy
4.	Silje Bjørge Rysjedal	f. 1995	Kvammen
5.	Raymond Rørvik	f. 1981	Askvoll
6.	Claudia Andrea Arancibia	f. 1993	Holmedal
7.	Renate Berg	f. 1980	Kvammen
8.	Thomas Lervåg	f. 1980	Atløy
9.	Erlend Yndestad	f. 1964	Stongfjorden
10.	Johnny England	f. 1977	Atløy
11.	Ida-Oline Berg Rørvik	f. 2000	Kvammen
12.	Stine Solheim Rørvik	f. 1989	Askvoll
13.	Malvin Grepstad	f. 1955	Værlandet
14.	Halldis Rørvik	f. 1952	Kvammen
15.	Lillian Oddekalv Gjervik	f. 1955	Atløy
16.	Kåre Steinar Leknes	f. 1966	Kvammen
17.	Åshild Hestvik Grytten	f. 1986	Kvammen
18.	Anniken Gjørøy	f. 1997	Askvoll
19.	Steffen Gerardo Lisboa Iversen	f. 1994	Askvoll
20.	Line Rotihaug	f. 1991	Askvoll
21.	Audun Ove Oddekalv	f. 1964	Værlandet

Fylkesordførarkandidat

Åsta Årøen



Jacob Nødseth

2. kandidat frå Kinn

Fylkestingsval 2023

Vestland Venstre sine viktigste saker:

- > Støtte opp om ferjeavløsningsordninga
- > God oppfølging av lærlinger
- > Ein vidaregåande skule tilpassa kvar enkelt elev
- > Fylkeskommunen skal vere varsam med å bruke motsegn mot lokale saker

Heile programmet:



Fylkesvallister

1. Åsta Årøen	51 år	Bergen
2. Jacob Nødseth	35 år	Kinn
3. Marius Hellan Hindnes	22 år	Alver
4. Camilla Berg Larsen	45 år	Stord
5. Atle Hamar	60 år	Sunnfjord
6. Torstein Tvinneim	53 år	Stryn
7. Sigrid Svartefoss	73 år	Sogndal
8. Jens Håkon Birkeland	23 år	Voss
9. Helle Frogner	49 år	Stad
10. Bram Timmermans	41 år	Bjørnafjorden
11. Guro Svenkerud Fresvik	42 år	Ullensvang
12. Bjørn Magne Hufthammer	41 år	Austevoll
13. Kent Are Kjørsvik Petterson	39 år	Kvinnherad
14. Thea Moen Flølo	19 år	Bergen
15. Hilmar Eliasson	63 år	Kinn

Heile lista:



VENSTRE

venstre.no/vestland